



NEDRE TELEMARK JORDSKIFTERETT

Dok 828

Advokat Botolf Erik Botolfsen-Lilleaker
Langseth advokatfirma DA
Postboks 1371 Vika
0114 OSLO

Deres referanse

Vår referanse

Dato

18-054807REN-JSKI

03.05.2019

HEIA HYTTEFELT – val av sakkunnig for skildring av opprusting og kostander med opprusting på veg til Heia hyttefelt

Eg har etter rettsmøte på Notodden vore i kontakt med fleire for å få dei til å komme med eit oversyn over kva som må gjerast for å få vegen opp i vegklasse 3 og kostnadene med ei slik opprusting.

Dei tre eg har kontakt er:

- Tveito Maskin AS som er ein entreprenør som held til i Lunde. Dei hadde truleg vore gode på å sette pris, men ville nok ha tatt seg godt betalt for eit oppdrag der dei berre skulle prosjektere. Dei har gitt tilbakemelding om at dei ikkje har kapasitet til å ta oppdraget dersom det skal være klart til mekling er avtala.
- Terje Asdal som er profesjonell vegplanlegger i landbruket frå Skogbrukets Kursinstitutt. Han kunne gje eie skildring av kva som måtte gjerast med vegen, anbudsgrunnlag, men ville ikkje prissette det. Skulle han komme med pris ville det bli eit overslag ut frå kva prisen på tilsvarende prosjekt i Agder der han i hovudsak arbeider.
- Sverre Bakke i SB Konsulent AS. Han kunne gi ei skildring av kva som må gjerast med vegen og sette pris i god tid før det er avtala mekling i saka.

Eg har sendt e-post til Sverre Bakke der eg ynskjer at han kjem med ein pris for gje ei skildring av opprustinga og sette pris på opprustinga. Det er spurd om prissetting av opprusting til vegklasse 3 og 5. Vegklasse 5 vil ikkje krevje utviding av bredde på vegen eller endringar på stigning. Det vil med andre ord ligge tett opp til å ruste opp vegen til slik han var då han vart bygd. E-post frå Sverre Bakke med prisoverslag og e-post til han med kartvedlegg følger vedlagt.

Ut frå tilbode Sverre Bakke har komme med, og han kan lever i god tid før meklinga, rår eg til at får oppdraget. Dersom eg ikkje høyrer noko frå dykk i løpet av dagen gjer eg tilbakemelding om at kan setje i gang med arbeide.

Postadresse
Postboks 2856, 3702 SKIEN

Sentralbord
33202030

Saksbehandler
Saule Uleviciene

Organisasjonsnummer
974730995

Internett/E-post
<http://www.domstol.no/jski>
jskipost@domstol.no

Kontoradresse
Leirvollen 21 C, 3736 SKIEN

Telefaks
-

Telefon
33 20 20 32

Ekspedisjonstid

Brevet er berre sendt til prosessfullmektigane i saka på e-post.

Nedre Telemark jordskifterett



Lars Lobben
jordskiftedommer